



Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/50 - 15/1054

Saksbehandlar:

Maud Sleire Holmaas

maud.sleire.holmaas@masfjorden.kommune.no

Dato:

02.03.2015

Høringsuttale på forslag om å statleggjere den kommunale skatteoppkrevjaren

Post

Austfjordvegen 2724
5981 Masfjordnes

Kontakt

Telefon: 56 16 62 00
Faks: 56 16 62 01

postmottak@masfjorden.kommune.no
Heimeside: www.masfjorden.kommune.no

Org.nr. **945627913**

Bankkonto: 3201 48 54958

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen		15/50

Saknr	Utval	Type	Dato
025/2015	Formannskapet	PS	10.02.2015
014/2015	Kommunestyret	PS	19.02.2015

Høyringsuttale på forslag om å statleggjere den kommunale skatteoppkrevjaren

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune rår i frå statleggjing av skatteoppkrevjaren frå 01.01.2016, og me meiner at dagens løysing gjev dei beste resultata og framstår som ei effektiv organisering. Spørsmålet om organiseringa av skatteoppkrevjaren er mest naturleg å handsama i den kommande kommunereforma. Forslaget inneberer ei uhensiktsmessig sentralisering, når lokal skjøn og lokalkunnskap er mykje av forklaringa på dagens gode resultat.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Forslag om å statleggjing av skatteoppkrevjarane har vore oppe som sak ved fleire høve, men har aldri fått fleirtal i Stortinget. No vert det gjort eit nytt forsøk, og viser til høyringsbrev frå Finansdepartementet med uttalefrist 02. mars 2015.

Vurdering

Skatteoppkrevjarfunksjonen er viktig for heile vår lokale økonomistyring. Skatteoppkrevjaren inngår i det totale økonomiske fagmiljøet i kommunen, og bidrar med viktig kompetanse. Vår erfaring er at vi fangar opp avvik frå forventa skatteinngang langt raskare enn ein klarer på nasjonalt plan. Dette gir oss høve til å justere drifta tidligare enn dersom vi måtte venta på dei offisielle justerte skattetala. Vi meiner vidare at dagens kommunale løysing er den beste då den gir svært gode resultat og framstår som ein effektiv organisering. Statleggjing i tråd med den svært stramme skisserte tidsramma inneberer risiko for provenytap, reduksjon av nødvendig kompetanse i vår kommune og eit uheldig personalløp med fare for tap av nøkkelpersonell, og elles vil ein peike på at spørsmålet om organiseringa av skatteoppkrevjaren er naturleg å handsama opp i mot kommunereformarbeidet.

Uttale

Høyering

Høyringsfrist: 02.03.2015

Finansdepartementets

høyringsbrev:

https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/Horing---Overforing-av-skatteoppkrevingen-til-Skatteetaten/id2342728/?regj_oss=10

Fakta

Dagens organisering av skatteoppkrevjarfunksjonen har ei løysningsgrad som ligger heilt i verdstoppen. Vår eigen skatteoppkrevjar har ei imponerende løysningsgrad

Rapportering fra skatteoppkreverkontoret til skattekontoret pr. 31.12.14				
Skraverte felt (grå) skal ikke fylles ut. Det er viktig at excel-regnearkene lagres på arbeidsstasjonen før de fylles ut! Tast inn kommunenummer i det blå feltet for å vise resultater, krav og differanse.				
Kommunenummer:	1266			Masfjorden
Styringsparameter	Resultat pr. 31.12.14	Resultatkrav	Differanse	Kommentarer til avvik
2.2.2 Innbetalt av sum krav siste år				
c) Restskatt for personlige skattytere Inntektsår 2012	99,8 %	99,0 %	0,8 %	Rød < -1% Gul -1% - 0% Grønn => 0% Linjeskift = Alt + Enter
d) Forskuddstrekk Inntektsår 2013	100,0 %	99,9 %	0,1 %	Rød < -0,2% Gul -0,2% - 0% Grønn => 0% Linjeskift = Alt + Enter
e) Forskuddsskatt for personlige skattytere Inntektsår 2013	100,0 %	99,0 %	1,0 %	Rød < -1% Gul -1% - 0% Grønn => 0% Linjeskift = Alt + Enter
f) Forskuddsskatt for <u>upersonlige</u> skattytere Inntektsår 2013	100,0 %	99,8 %	0,2 %	Rød < -0,2% Gul -0,2% - 0% Grønn => 0% Linjeskift = Alt + Enter
g) Restskatt for <u>upersonlige</u> skattytere Inntektsår 2012	100,0 %	99,0 %	1,0 %	Rød < -1% Gul -1% - 0% Grønn => 0% Linjeskift = Alt + Enter
h) Arbeidsgiveravgift Inntektsår 2013	100,0 %	99,8 %	0,2 %	Rød < -0,3% Gul -0,3% - 0% Grønn => 0% Linjeskift = Alt + Enter
2.3.1 b) Innfordret Restskatt, person av sum krav til innfordring Inntektsår 2012	95,3 %	80,0 %	15,3 %	Rød < -5% Gul -5% - 0% Grønn = > 0% Linjeskift = Alt + Enter

Og får stadig gode tilbakemeldingar, som «[Rapporteringen er mottatt \(2014\)](#).

[Gratulerer med gode resultat, Skatt vest - SKO Styring og oppfølging](#)». Vi ser ingen grunn til å statleggjere skatteoppkrevjaren og har lita tru på at resultatata vil bli betre dersom desse oppgåvene vert utført på sentralt eller regionalt hald.

Lokal kunnskap og kjennskap til skattesubjekta er viktig i kampen mot svart økonomi, og kommunal kontrollinstans har ein klar preventiv effekt. Dersom funksjonen vert statleggjort og sentralisert vil avstanden mellom kontrollinstansen og kontrollsubjekta auke i vesentleg grad. Mange kommunar vil ikkje ha nokon kontrollinstans i det heile. Me ser auka avstand som ein betydeleg risikofaktor for økt svart økonomi og arbeidslivskriminalitet.

Forslaget om statleggjering kjem midt i kommunereforma. Eit uttalt mål i kommunereforma er å «*flytte makt og ansvar til større og mer robuste kommuner*».

Regjeringa sier den vil «vise mer tillit til lokalpolitikerne og gi kommunene mer handlingsrom. Alternativet er fortsatt sentralisering.» Å statleggjere skatteoppkrevjaren er derfor i strid med dei uttalte måla for kommunereforma.

Stortinget ga si tilslutning i Prop. 95 S (2013–2014) til retningslinjer for oppgåvefordeling mellom stat og kommunar. Departementet trekkjer særleg frem punkt 3, om at: «*oppgaver som ikke skal la seg påvirke av lokalpolitiske oppfatninger og lokalpolitiske forhold, og som derfor er kjennetegnet av standardisering, regelorientering og kontroll, bør i utgangspunktet være et statlig ansvar*». Dette er derfor i tråd med oppgave- og ansvarsfordelingen som skal vurderes i kommunereformen.» som eit argument for statleggjering no.

Fleire av dei andre prinsippa, for eksempel punkt 1: «*Oppgaver bør legges på lavest mulige effektive nivå*.» trekkjer imidlertid i den andre retninga og talar for fortsatt kommunal organisering. Samla sett er det lite ved skatteoppkrevjaren sine oppgåver som tilseier at dei, etter nemnde retningslinjer, fell utanfor dei områda som skal handsamast i kommunereforma. Forskotsordninga spesielt og skatteinnkrevjinga generelt er og bør være påverka av lokale- og lokalpolitiske forhold. Etter vårt syn er organiseringa av skatteoppkrevjaren ein naturleg del av den totale gjennomgangen av den samla oppgave- og ansvarsfordelinga mellom stat og kommunar i kommunereforma, og me meiner derfor det er uheldig å forsere ei avgjerd om dette no og tilrår at spørsmålet vert teke opp i ei samla handsaming i kommunereforma.

Konklusjon

Masfjorden kommune rår i frå statleggjering av skatteoppkrevjaren frå 01.01.2016. Me meiner at dagens løysing gjev dei beste resultata og framstår som ei effektiv organisering. Spørsmålet om organiseringa av skatteoppkrevjaren er mest naturleg å handsama i den kommande kommunereforma. Forslaget inneberer ei uhensiktsmessig sentralisering, når lokal skjøn og lokalkunnskap er mykje av forklaringa på dagens gode resultat.

Formannskapet - 025/2015

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune rår i frå statleggjering av skatteoppkrevjaren frå 01.01.2016, og me meiner at dagens løysing gjev dei beste resultata og

framstår som ei effektiv organisering. Spørsmålet om organiseringa av skatteoppkrevjaren er mest naturleg å handsama i den kommande kommunereforma. Forslaget inneberer ei uhensiktsmessig sentralisering, når lokal skjøn og lokalkunnskap er mykje av forklaringa på dagens gode resultat.

Kommunestyret - 014/2015

KS - behandling:

Ordførar Karstein Totland gjekk kort gjennom saka.

Røysting:

Tilråding til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Masfjorden kommune rår i frå statleggjering av skatteoppkrevjaren frå 01.01.2016, og me meiner at dagens løysing gjev dei beste resultata og framstår som ei effektiv organisering. Spørsmålet om organiseringa av skatteoppkrevjaren er mest naturleg å handsama i den kommande kommunereforma. Forslaget inneberer ei uhensiktsmessig sentralisering, når lokal skjøn og lokalkunnskap er mykje av forklaringa på dagens gode resultat.